

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KUNSTNARSTIPEND I SOGN OG FJORDANE.

Generelt om ordninga

Sogn og Fjordane fylkeskommune kan årleg tildele inntil tre arbeidsstipend a kr 50 000 til aktive kunstnarar i Sogn og Fjordane.

Stipendet kan gjevast til

- Kunstnarar/utøvarar innan alle kunststartar
- Kunstnarar som bur og arbeider i Sogn og Fjordane

Jury

Hovudutval for kultur nemner opp ein fagjury på 2 personar som har rådgjevande funksjon overfor hovudutval for kultur, som gjer endeleg vedtak. Hovudutval for kultur nemner opp i tillegg ein representant frå hovudutvalet til fagjuryen. Juryen har ei funksjonstid på to år. Samanslutningar innanfor dei ulike kunstuttrykka vert bedne om å sende inn framlegg til kandidatar til juryen.

Søknad og handsaming

Stipenda vert tildelt av Hovudutval for kultur på bakgrunn av søknad, etter tilråding frå juryen.

- Søknaden må innehalde:
- dokumentasjon på kunstfagleg utdanning og profesjonell verksemd innan sitt fagområde (CV)
- yrkespraksis, deltaking på utstillingar, andre stipend ein har fått, m.m.
- dokumentasjon på kunstuttrykk/kunstfagleg arbeid
- opplysningar om sjanger, kunstnarleg aktivitet siste året, og planar framover
- Søknaden om må innehalde ein klar for bruk av stipendet, inkl. budsjett og finansieringsplan.

Stipendmottakar skal innan eit år frå tildeling av stipendet melde attende til Hovudutval for kultur om korleis stipendet er nytta, kva resultat mottakaren har oppnådd ved å bli tildelt dette stipendet (t.d. prosessar som er sette i gang, produksjonar, deltaking på utstillingar, tileigning av nye teknikkar, fornying av utstyr, lokale, e.l.).

Søknadsfrist 15. januar.

Vedteke i HK